

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Rindal kommune
6657 RINDAL

Dato: 25.02.2015

FNF Møre og Romsdal er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, turistforeningane i Møre og Romsdal, speidarorganisasjonane i fylket og Møre og Romsdal 4.. Totalt representerer disse organisasjonene mange medlemmer med en stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Uttale – høyring kartlegging av friluftsområde i Rindal

Vi viser til kartlegging av friluftsområde i Rindal som no er til høyring med høyringsfrist 25.02.2015.

Vi har til no ei høyring eit forslag til kartlegging og vurdering av friluftsområde i Rindal kommune. Arbeidet har kome i gang no fordi ei slik kartlegging må vere på plass før kommunen kan vedta eit mogleg opplegg for snøskuterløyper for fritidskøyring.

Vi er i høyringa bedne om å svare på følgjande spørsmål;

1. Er dei rette områda vald ut som viktige eller sers viktige eller bør nokon leggst til eller takast ut ?
2. Er avgrensinga fornuftig for kvart einskild område ?
3. Er det andre viktige kvalitetar ved kvart område enn dei som er nemnd i tabellen ?

Innleiingsvis vil vi vise til uttale frå Kristiansund Turistforening (KNT) av 26.01.2015 som vi stiller oss heilt bak.

Først vil vi beklage at vi ikkje er tilsendt oppstartsmeldinga for denne plana samt at vi ikkje er orientert av Rindal kommune tidlegare i denne prosessen. Den 13 mars 2014 meldte vi nemleg inn følgjande ved vår epost til postmottak Rindal kommune;


Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap. FNF Møre og Romsdal

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

skal arbeide for å sette friluftsliv og naturvern på dagsorden. Auke bevisstheita om helse og livskvalitet samt kor viktig det er å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FNF Møre og Romsdal har til hensikt blant anna å meine noko om motorisert ferdsel. Difor sendte vi mellom anna ei bekymringsmelding i haust til Miljøvernministeren om at vi ser på frislepp av snøskuterkøyring som høgst uheldig for nasjonen Noreg. Dei grøne organisasjonane vil peike på at dei er imot fornøyelse-/morokøyring med snøskuter i dei heile. Det strir mot den norske folkesjela at det no blir invitert til auka motorferdsel i utmarka. Friluftsfolket flest søkjer naturopplevingar i stille omgjevnader med minst mogleg motorisert ferdsel (for heile uttalen, sjå vedlagt brev). Elles viser vi uttalar frå fleire av våre grøne organisasjonar som også har påpeika det uheldige ved opning for morokøyring med snøskuter.

Slik vi les artikkel i Driva i går tolkar vi at Rindal kommune har til hensikt å leggje til rette for løyper for morokøyring med skuter i sin kommune – vi melder inn med dette at vi ønskjer å bli satt på adressat-lista i denne prosessen og bli orientert om alt som har med denne saka å gjere

Til tross for dette er det først når vi sjølve etter tips, ber om å få tilsendt plana, at vi får plana tilsendt den 27.01.2015. Vi har fått opplyst at denne kartlegginga ikkje følgjer vanleg saksgang etter plan- og bygningsloven og at oppstartmelding ikkje er nødvendig. Samstundes får vi opplyst i saksframlegget at det har vore halde eit felles oppstartsmøte med Surnadal kommune 13.10.2014. Vi forstår ikkje dette heilt, men legg til grunn at forvaltningslovas sitt prinsipp om å ta alle med i planlegginga også bør gjelde i dette planarbeidet. Medverknad er jo eit ord som vi i dei frivillige organisasjonane tør håpe på blir teke på alvor i dei offentlege etatar. Det er få tema utanom friluftsliv i arealplanlegginga der det er stor aktivitet, mange brukarar, få spor etter bruken og få som syner eller kjem fram på arenaen og roper høgt. Det enkle friluftslivet set ikkje spor. Det skjer overalt. Alle driv med det meir og mindre. Ingen seier noko så lenge dei får halde på som dei har gjort. Av natur går dei heller på tur framfor å grave i kommunen sine postlister for å finne fram dokument med mange vanskelege setningar og abstrakte tankar og fargeflekkar på kart. Det er som ungar og lyn, tar naturlege vegar som planleggarar i liten grad kan styre, berre observere. Ei høyring som blir gjort slik at dette særpreget ikkje kan kome fram vil berre ta omsyn til den delen av friluftslivet som krev åtte meter breie skitrasear, skytebanar, ballbingar og andre store anleggselement. Ei høyring som handlar om friluftsliv og ikkje tek omsyn til dette er ei så ufullstendig høyring at ho ikkje har nokon verdi. Forum for natur og friluftsliv representerer nettopp ein del av dette lite organiserte friluftslivet som skjer kvar dag og som lett blir oversett og undervurdert når dette ikkje blir teke på alvor.


Vår uttale vil difor vere prega at det først er no i høyringsfasen at vi blir høyrte. Vi skulle så gjerne blitt med å lagt premissane for kartlegginga av friluftsområda i Rindal kommune då dette er noko vi bryr oss om (og kanskje har ein viss kompetanse i). Vi les at arbeidsgruppa som har arbeidd fram denne kartlegginga er omtala som «3 stk ivrige friluftsfolk», som tyder på at dei ikkje representerer nokon frivillig organsiasjon ? Når dei tre utplukka personane att

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

på alt representerer berre det eine kjønnet (det svake, altså mannen), kan ein vel også seie at den ikkje er noko kjønnsnøytral. Det er no ein gong slik at når det gjeld tilnærming til friluftsliv og natur har kvinnfolka ein heil annan tilnærming som treff til dømes barn- og unge sine interesser betre. Vi vil her nemnde at i prosessen med kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Romsdalsfjorden (som kommunen er orientert om) blir det lagt opp til ein heilt annan medverknad ved at det blir invitert inn til møter til alle interesserte lokale lag og organisasjonar. Vi vil her igjen vise til eigen uttale frå KNT som berre viser at kommunen burde trekt inn friluftsansjonane på eit langt tidlegare tidspunkt.

Vi ønskjer difor først å seie noko generelt om nokre tema som ikkje er berørt i plana som no er til høyring. Vi tenkjer då på behovsvurderinga for kartlegginga, markagrense/markaplan, sikring av friluftsområde, stille naturrom og naturmangfaldlova.

Behovsvurdering ?

Vesentleg i all samfunnsplanlegging er behovsvurdering av foreslåtte tiltak. Difor vil vi innleiingsvis etterlyse ein analyse av kva kommunen meiner om behovet for areal til snøskuterløyper for fritidskøyring i Rindal kommune. Kor stort er behovet for areal til dette formålet i kommunen og kva fører dette til av negative konsekvensar ? At kommunane kartlegg friluftsområda sine er jo noko vi berre vil applaudere, men at grunnen til at arbeidet kjem i gang skyldast ønskje om meir snøskuterløyper er vel å be om å speglvende prinsippa i samfunnsplanlegging. Snøskuterløyper har ikkje noko med friluftsliv å gjere og det bør vere heilt andre beveggrunnar til å starte kartlegginga av friluftsområda i Rindal kommune.


Marka/Markagrense og sikring av friluftsområde

Det har ikkje vore tradisjon for å tenkje på ei markagrense og ein markaplan på landet. Sjølv om ein ikkje kjem ut med ei markagrense etterpå, er det likevel nyttig å tenkje litt i ein slik retning. Viss ein trur at slike kvalitetar som ein finn i ..marka, det har ein overalt på landet, så vil ein lett redusere markaverdiane ved at ein stadig tar ein bit her og der, og lar inngrep bli unødvendig store fordi ein ikkje har med ein friluftslivdimensjon i det heile.

Vi finn ikkje noko i høyringa om markagrense/markaplan og sikring av friluftsområde sjølv om dette er vesentleg i vegleiaren frå Miljødirektoratet (sjå Vegleiar M98-2013, Kartegging og verdsetting av friluftsområder). Vi meiner dette er vesentleg og finn det då på sin plass å forklare kva dette er.

"Marka" brukast som fellesnemnar på dei by- og tettstadsnære friluftslivsområda. Ei markaplan vil i denne samanheng vere ei plan for det nære friluftsområde av ein gjeven storleik som ligg til byar og tettstader.

Dei fleste byer og tettstader har nære naturområde av ein gjeven storleik. Tilgang på nære naturområde er viktig for dei som bor i byar og tettstader. Marka er viktig for alle aldersgruppers moglegheiter til å drive fysisk aktivitet gjennom friluftsliv og andre



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

fritidsaktiviteter. Marka er ein av hovudarena for det tradisjonelle turfriluftslivet. Dei er område for barns lek og opplevingar, læring og fysiske utvikling. Utvikling av gode forhold for friluftsliv er særleg viktig i folks nærområda, i kombinasjon med grønstrukturen i byggjesonen. Dette er område som er avgjerande for kvardagsfriluftsliv, og for fysisk aktivitet i det heile tatt for mange brukargrupper.

Det er eit nasjonalt politisk mål at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen. Arbeidet overfor dei by og tettstedsnære markaområda er forankra i dei rammer som bl.a. er lagt ved behandlinga av to stortingsmeldingar. Både St.meld. nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet" og St. meld nr. 23 (2001-2002) "Bedre miljø i byer og tettsteder" klargjer at markaområda er område som er viktige å ta vare på og forvalte heilheitleg og langsiktig. Frå St.meld. nr. 39 kan vi referere;

Omsynet til friluftslivsinteressene kan oppsummerast i to hovudmål:


- *Å verne mot omdisponering til utbyggingsføremål.*
- *Å halde natur- og kulturmiljøet i alle delar av marka mest mogleg intakt, variert og opplevingsrikt.*

Ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av markaområda er naudsynt for å nå desse måla. Kommunane bør difor setje klare mål for forvaltninga gjennom juridisk bindande planar der omsynet til friluftslivsinteressene blir lagt større vekt på. Gjennom planen bør marka avgrensast og delast inn i fleire soner som blir forvalta på ulikt vis når det gjeld tiltak som krev løyve, til dømes etter skoglova og plan- og bygningslova. Ein slik plan med ei markagrense mellom utbygging og viktige friluftsområde bør etablerast i alle kommunar med tettstadnære markaområde innan 2006. Det er viktig at planen og grensa blir vedteken med juridisk binding.

Energi- og miljøkomiteen slutta seg til at alle større kommuner med "markagrense" utarbeider ein eigen plan for forvaltning av sine "markaområder" med vekt på å sikre desse områda mot inngrep og for eit aktivt friluftsliv. Kort fortalt ønskjer ein ved planlegging av by- og tettstadnære naturområder å seie noko om;

- juridisk forankring av arealbruken i plan- og bygningslov
- avgrensing mellom utbygging og marka ("markagrense")
- differensiert arealbruk innan naturområda ("sonering")

Som ein del av arbeidet med å gjere areal tilgjengeleg for ålment friluftsliv, har staten vore med på å sikre areal ved grunnverv eller avtale om leige av grunn. Me reknar om lag 130 områder sikra i vårt fylke. I Rindal kommune er det sikra eit friluftsområde Igljtønna sentralt i bustadfeltet som er ein del av den grønne korridoren frå tettstaden ut i marka. Det bør her vere



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

naturleg å meine noko om ikkje ein bør sikre meir rundt Igljtjønnna sett i lys av at dette området også er verdsatt som eit sers viktig friluftsområde (omtala som område 6 i plana til høyring). Det bør også vurderast andre område i Rindal kommune som bør sikrast ved hjelp av desse statlege tilskotsmidlane. Vi vil her vise til møterunde som fylkeskommunen hadde no i haust (okt) der kommunane var inviterte til å høyre om tilskotsordninga til sikring av friluftsområde. Elles vil vi vise til Kristiansund kommune som vi meiner har gjort eit godt arbeide her ved sitt saksframlegg til plan for sikring av friluftsområder i sin kommune. Vi legg ved dette saksframlegget til dykkar orientering.

Stille rom - det kan aldri bli for stille

Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal er einig i Rindal kommune sin omtale av seg sjølv som «Porten til Trollheimen med vakker og variert natur». Men vi er nok ueinig om korleis ein skal handle i høve til å sikre at dette framleis vil vere situasjonen i framtida. Vi trur ikkje at vil ein ved å leggje til rette for snøskuterløyper vil få noko betre høve for friluftsliv i natur.

Dåverande Klif (Klima- og forureiningsdirektoratet) har fastslått at støymålet (10 % færre støypagede innen 2010) ikke nås utan kraftige tiltak. Støypageindeksen (SPI) er eit produkt av antall plaga og plagegrad. I perioden 1999-2007 avtok støyen frå jernbanar. Veitrafikkstøyen auka, og annan støy økte auka eller heldt seg konstant. Me meiner å sjå at motorisert ferdsel i utmark knytt til rekreasjon har auka dei seinare år og meiner at dette må stoppe. I ein rapport som Transportøkonomisk institutt har gjort om bilturistanes oppleving av stillheit og støy om vinteren går det fram at to av tre utanlandske feriegjester meiner den norske stillheita om vinteren er viktig. Og få andre er så opptatt av dette som tyskarane. 86 prosent av dei svarte at stillheit er viktig ved val av reisemål. Turistanes fokus på den norske stillheita blir også sterkare for kvar gong dei er her, ifølge rapporten frå Transportøkonomisk institutt. Bare halvparten av dei som har ein til tre overnattingar i Norge meiner stillheit er viktig, mens 82 prosent av dei som har fleire enn åtte overnattingar, meiner det same. Dei fleste utanlandske vinterturistar har lite til overs for at stillheita blir broten av motordur. 70 prosent av turistane synes at støy frå motorisert ferdsel i naturmiljø er forstyrrende. Dei helsemessige skadane av støy er godt undersøkt og det har vært fokusert på å begrense kraftig støy der folk bor eller arbeider. Det har vore fokusert mindre på ulemper og skadevirkningar av støy i naturområder og områder for friluftsliv og rekreasjon. Ofte vil støynivået vere lavare i friluftsområda, men samstundes er forventningane til lavt støynivå desto større. Det er også naturleg å skille mellom lyd fra naturen naturlige kjelder og lyd fra mekaniske anretningar. Det er dermed ikkje nødvendigvis fravær av lyd folk søker etter, men fråvær av irriterande lyd. Eit eksempel på konflikt er støy fra motoriserte transportmidler i utmark er snøskuter. Ein titt i avisane fortel om eit svært høgt konfliktnivå knytt til motorisert ferdsel i utmarka .


Vi vil elles minne om at kommunen har ei særleg plikt til å passe på areala vi her nemner. Det går fram av pkt 3.5 i "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)"

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

”Kommunen bør unngå å lokalisere nye støykilder slik at verdifulle stille områder forsvinner eller reduseres i omfang. Fravær av støy er en forutsetning for at friluftsliv- og rekreasjonsområder og kulturmiljøer skal ha full verdi. Hvilke lydnivåer som oppleves som sjenerende, avhenger av hvilke type område man befinner seg i, og hvilken bruk av området som er ønskelig.”

Me les at kommunane med store naturkvalitetar har ulike haldningar til snøskuterkøyring. Me trur at om ein kommune har den rette haldninga får me både lyst til å bruke områda i ein slik kommune for å utøve enkelt friluftsliv og fortelje det til andre. Kan hende vil det også vere grunnlag for ein type turisme som bruker slike område til stillfaren rekreasjon. Lokal sysselsetjing og varekjøp med ei slik verksemd kan jo også bety noko om ein får til eit slikt opplegg.


Friluftsliv- og naturvernorganisasjonane i Møre og Romsdal har ved fleire høve gjort kommunane i fylket og andre merksame på dei negative konsekvensane av å ha frilslepp av snøskuterkøyring. Vidare har vi påpeikt at i Noreg ønskjer dei fleste å favorisere det enkle friluftslivet og at område utan støypåverknad er ein svært verdifull kvalitet som det er viktig å ta vare på. Vi vil her vise til vår uttale til miljøvernministeren 09.12.2013;

« FNF Møre og Romsdal ønskjer å sende ei bekymringsmelding til Miljøvernministeren om at vi ser på frislepp av snøskuterkøyring som høgst uheldig for nasjonen. Dei grønne organisasjonane vil peike på at dei er imot fornøyelseskøyring med snøskuter i dei heile. Det strir mot den norske folkesjela at det no blir invitert til auka motorferdsel i utmarka. Friluftslivfolket flest søkjer naturopplevingar i stille omgjevnader med minst mogleg motorisert ferdsl. Vi ber om forståing for dette synet, og ber om at regjeringa snur i denne saka.»

Me legg til grunn at lovverket i Norge er laga for at naturen skal vere fri for motorferdsel med unntak av berre dei mest samfunnsgavnlege behov. Rindal kommune har ein fantastisk natur og ein historie i det enkle friluftslivet (skitradisjonar). Vi ser at Rindal kommune satsar tungt på hytter og dette temaet går att i skildringa i hovuddelen av dei 14 viktige friluftsområda. FNF vonar Rindal kommune er seg bevisst det ansvaret kommunen har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein ikkje-motorisert ferdsl i norsk natur. Vi trur at kommunen forstår at det er naturen i Rindal kommune som er salsvara og ikkje framkomstmiddelet. Motorisert ferdsl er ikkje bærekraftig turisme, men ein stillfaren umotorisert ferdsl som ikkje er til sjenanse for natur og folk er det.

Naturmangfaldlova

I alle saker som vedkjem natur skal det vere ei vurdering etter naturmangfaldlova. I denne saka skal det vere ei vurdering av om vedtaket vil få nokon innverknad, samanlikna med om



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

ein ikkje gjer noko og om det er andre løysingar som totalt sett kan gi eit betre resultat. Vi ber difor Rindal kommune i denne saka å vurdere og vektleggje §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal ser at prosessen med kartlegging og verdsettinga av friluftsområde i Rindal kommune som så mangelfull at vi ber om at prosessen blir starta på nytt. Vi ber då om prosessen går etter plan- og bygningslov/forvaltningslov. Subsidiært vil vi etter beste emne svare på dei tre spørsmåla som er stilt i høyringa. Dette svaret er ikkje uttømmende då vi har hatt begrensa tid til å sette oss inn i materien:

1. Er dei rette områda vald ut som viktige eller sers viktige eller bør nokon leggast til eller takast ut ?

Nei, kartet manglar mellom anna dei stille rom. Vi har lagt ved eit kart med avmerka areal der kommunen må gjere nærare undersøkingar for å finne fram til dei areala innafor desse områda som er stille/skal avsettast til stille rom.

Vi ønskjer også at ein tek inn KNT sine turruter jfr uttale frå KNT av 26.01.2015 og deira vedlagte kart. KNT sine stiar samt buffersone rundt må inn i plana.

Vi skulle her ønskje at grunnlagskartet som kom inn etter barnetråkkregistreringane den 29.10.2014 vart lagt fram slik at vi fekk sjå kva ungane bruker og kva dei ønskjer å bruke. Vi vil gjerne sjå kva områda dei kunne tenkje seg å bruke, men som no ikkje blir brukt (av ulike årsaker).

Forslag til fleire viktige friluftsområde i Rindal kommune;

ID	Områdenamn	Områdetype	Verdi	Skildring
15	Turrute Trollh.-Fjordruta	Turområde m t.	A	Koblar i hop ruter
16	Turrute Trollheimshytta	Turområde m t.	A	Til og frå Trollhhytt
17	Ura stilleområde	Turområde u. t.	A	Stille naturområde
18	Rindhatten stilleområde	Turområde u. t.	A	Stille naturområde
19	Tifjellet stilleområde	Turområde u. t.	B	Stille nærturområde
20	Gråfjellet stilleområde	Turområde u.t.	B	Stille nærturområde

2. Er avgrensinga fornuftig for kvart einskild område ?

Vi meiner at sona rundt dei grønne korridorane må vere breiare knytt til støy. Det må settast av ein buffersone langs med dei grønne korridorane.


3. Er det andre viktige kvalitetar ved kvart område enn dei som er nemnd i tabellen ?

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi meiner at ein folketråk-registrering samt involvering av lokale lag og organisasjoner ville fått fram dette. Møre og Romsdal fylkeskommune har laga eit eige forslag til mal for saksframlegg for oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder (sjå vedlegg) som vart sendt ut til fylkets kommunar i 2014 ? Vi vil her spesielt vise til kva fylkeskommunen foreslår som kjelder for å få fram eksisterande kunnskap om viktige friluftsområder i kommunen som ofte fins frå før:


- Kommuneplanens arealdel, temakart??
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleving
- Barnetråkregistrering
- Turbøker??
- Friluftskart for Rindal ??
- Friluftskart på nett?
- ”10 på topp”??
- Tidligere stiregistrering etc.??
- Morotur.no
- Inon-område

helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal


Vedlegg:

1. Skisse med nye friluftsområde for Rindal
2. PS 10/123 Sikring av friluftsområder i Kristiansund kommune, 2010/1564
Behandling i Formannskapet - 09.11.2010
3. Mal – saksframlegg for oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftsområder



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vedlegg 1: Skisse med nye friluftsområde for Rindal – blå strek gjev turområde med tilrettelegging og stipla strek gjev stille område utan tilrettelegging



Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal
Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no